



Referat frå elevrådsmøte VIII, fredag 23. januar 2026

Desse møtte:

Elevrådsrepresentant 5A: Selma

Vara 5A: Aksel

Elevrådsrepresentant 5B: Thea

Vara 5B: Jakob

Elevrådsrepresentant 6A: Olav

Vara 6A: Mohammed

Elevrådsrepresentant 6B: Leif Ludvik

Vara 6B: Eirik

Elevrådsrepresentant 7A: Aksel

Vara 7A: Andrina

Elevrådsrepresentant 7B: Lukas

Vara 7B: Runa

Sak 1: Råd for sunn skulemat ved Naustdal skule

Elevrådsrepresentantar med vara la fram klassane sin synspunkt på «Råd for sunn skulemat ved Naustdal skule» som er utarbeidd av FAU.

Innspel frå klassane

5A	-5A meiner at foreldre og barna skal bestemme kva ein skal ha på nista si. -Det må vere lov å kose seg med noko godt på siste skuledag før sommarferien. -På turdagar som til dømes fjellturar på 5.-7. burde det vere lov til å ta med ein liten tursjokolade eller kjeks. -Ikkje alle får i seg nok drikke i løpet av ein dag, og for nokon er saft (u/sukker) eit godt alternativ.
5B	-5b opplever at det er litt for strenge reglar ang. godteri. Klassen meiner at foreldra er meir strenge med dei enn med seg sjølv. -I det 5.klasse har starta på mellomsteget blir reglane strengare. 5.trinn har gleda seg til å kunne ta med noko godteri før jul og sommarferien.
6A/6B	-Det er ikkje skulen sin jobb å sjekke kva vi har på skiva vår, det er det foreldra våre som bestemmer. -Lærarane kan ikkje bestemme kva vi har i niste. -Kan det vere mogelegheit for at vi elevane kan få ha med godteri på merkedagar? Tykkjer vertfall at vi skal fortsette med å ha med til jul og sommar. Godteri før feriar kan vere ein motivasjonsfaktor. Frukt og grønsaker kan ein ha med andre dagar i året om det skal vere kos, f.eks i helseveka. -Klassen stiller spørsmål om syltetøy med sukker er det same som f.eks sjokoladepålegg. -På turdagar som til dømes fjellturar på 5.-7. burde det vere lov til å ta med ein liten tursjokolade eller litt kjeks. -Klassen ynskjer at det framleis skal vere lov å ha med liten brus siste skuledag.
7A	-FAU burde ikkje bestemme kva vi skal ha med i nista. 7A stiller spørsmålet om kvifor ikkje foreldra kan bestemme kva kvar enkelt elev får ha med seg. -Ein må få velje kva pålegg ein har på nista si sjølv. -Mange ynskjer å kunne ha brunost på nista si.



	-Fleire elevar i 7A reagerer på at det står i rettleiaren kva smør ein bør bruke. Mykje av maten som står i rettleiaren tek lang tid å lage. Ikkje alle familiar som har like godt tid. -Vil halde fram med å kunne ha med godteri siste skuledag. -Det bør vere lov å ha med saft u/sukker. Ikkje alle får i seg nok drikke.
7B	-7B meiner at foreldre kan fokusere på eigne barn. Elevane i 7B er flinke til å ha sunn nistepakke med mykje grønt i. -Viktig å ha fokus på aktivitet og ikkje snop. Sukker er ikkje farleg. Ein må ha sukker for at kroppen skal fungere. 7B kjenner seg ikkje att i tal dagar ein får tilbodet om noko søtt. - Rettleiaren bør ha større fokus på å gi frukt og grønt. -7B føler at skulen er flinke til å oppfordre til å vere sunne. -Sidan elevane er flinke til å ha med seg frukt og grønt kan det vere noko spesielt siste skuledag og på fjellturar(turdagar).

Elevrådet vart samde i at leiar, nestleiar og referent skal skrive eit brev til FAU der synspunkta til elevrådet 5-7 kjem fram.

Sak 2: Helseveka 2026

I møte vart det lagt fram ei skisse over veka der ein har fått mange av ynskja til klassane/elevrådet:

- Temadagar
- ASK
- Felles lunsj for 5.-7.
- Aktivitetsdag for 5.-7.

Det er ikkje lagt opp til snøaktivitetar og bomgøymse for heile mellomsteget grunna islagt uteområde.

Sak 3: Garderobane 5-7

Grunna lite tid må denne saka diskuterast meir i neste møte, men elevrådet trur kanskje det kan vere motiverande med ein garderobebpris. Elevrådet må då diskutere kva kriterium som skal gjelde. Det vil bli gjort i neste møte.

Beste helsing

Olav
Referent

Lukas
Elevråd sleiar 5-7

Laila
Elevrådskontakt 5-7